

Tingvoll kommune  
6630 TINGVOLL

12. mai 2007

## **KOKSVIKELVA – DOKUMENTASJON AV KVALITETAR**

Naturvernforbundet i Tingvoll er utfordra av Bjarne Storset til å ta opp spørsmålet kring blankfisk i Koksvikelva.

Vi har lite kjennskap til tilhøva for blankfisk i dette vassdraget, men ser at det er ein del som talar for at dette vassdraget gjerne kan få litt merksemd.

Noreg har slutta seg til EU sitt vassdirektiv. I løpet av nokre år skal alle vassdrag gjennomgåast for å finne ut av kva tilstand dei er i, og kva tiltak som skal setjast inn der det er nødvendig.

Fylket skal arbeide med desse spørsmåla framover, men det skader vel ikkje om kommunen også ser litt på slike spørsmål. Koksvikelva er eit lite vassdrag, men det ligg truleg både kvalitetar og problemstillingar der som gjer det eigna som eit pilotprosjekt i Tingvoll kommune. Vi utfordrar difor kommunen til å dokumentere vassdraget. Vassdraget er oversiktleg, ikkje så veldig stort, ligg nært der mange bur, og med meir kjennskap til det kan det gje kvalitetar til dei som bur i Tingvoll. Ein verdi som økokommunen Tingvoll bør gjere noko med og vere stolt av.

Naturvernforbundet vil peike på følgjande:

- Litlvatnet – fuglebiotop (av dei viktigaste våtmarksbiotopane i kommunen), gjengroingspotensiale.
- Steinbrot – avrenning av nitrogenforbindelsar frå sprengstoff og slam frå deponerte masser.
- Påverknaden av gjødsel frå jordbruksareal. Lokal gjødselsforskrift og eventuell særfrist treng noko dokumentasjon.
- Lagring av traktoregg i nærleiken av vassdraget. Pressaft frå siloar er jo miljøskdeleg, men det kjem vel noko ut av traktoregg også?
- Skogsdrift og verknad av treslagsskifte på vasskvalitet og vasshushald.
- Avfallstilstanden langs vassdraget og eventuell avrenning knytt til avfall.
- Bru ved Rv. 70 og kulvert for gangveg – verknaden av desse.

- Forureiningstilstand ved offentlig badestrand.
- Inngrep ved badestranda og eventuell gangveg.
- Fisk, fossefall og andre skapningar i og langs vassdraget.

Kulturminner langs dette vassdraget er vel gjerne eit eige kapittel.

Med helsing

Øystein Folden  
Leiar i Naturvernforbundet i Tingvoll